

Faint, illegible text at the top of the page, possibly a header or introductory paragraph.

... til ...

... med ...

... for ...

... og ...

RA.J.nr. 409/1948.

Nord-Rana kommune. Fattigvesenets arkiv.

Går tilbake til Nordland fylke.

En viser til påtegningene ovenfor.

I det nevnte påtegningskrivet 24. mars 1948 til Justis-
departementet skrev Riksarkivet:

"Går med 1 vedlegg til Justisdepartementet, Kommunalavdelinga.

Riksarkivet har etter krigen svara på mange slike spurnader som den vedlagde frå ordføraren i Etne. Når breva frå kommunane har innehaldi konkrete spørsmål, har ein gjevi svar på desse spørsmåla. Men på spurnader med så generelt innhald som den vedlagde har ein sett seg nøydd til å gje eit generelt svar. Dette svaret har vanleg gått ut på at riksarkivaren etter oppmoding frå Justisdepartementet har arbeidd ut ei rettleiing om korleis kommunane kan ordna og ta vare på arkiva sine, og at denne rettleiinga skal verta prenta og utsend til alle kommunar så snart det kan la seg gjera, men at Justisdepartementet fyrst i samsvar med tidlegare tilsegn lyt gje riksarkivaren den fullmakt som trengst til at skipnaden med statstilsyn med dei kommunale arkiva kan verta sett i verk.

Sidan ein ikkje har fått noko svar frå departementet på brev 16. november 1946 herifrå, jfr. brev herifrå 31. mai og 19. november 1947, finn ein det rettast at Riksarkivet heretter sender over til departementet alle brev frå kommunane om arkivspørsmål."

Til dette svarte Justisdepartementet 7. d. m.:

"Går med vedlegg attende til Riksarkivet.

Departementet vil i nærmeste framtid fremje saka om dei kommunale arkiv.

Ein torer difor beda det vyrde Riksarkiv å halda fram med å svara kommunane direkte på deira førespurnader om dei kommunale arkiva."

På forespørselen fra Nord-Rana fattigstyre kan Riksarkivet foreløbig ikke gi annet svar enn å vise til den vedlagte avskriften av kapitlet om kassasjon i den nevnte rettleiingen om kommunale arkiver.

Riksarkivet, Oslo, 21. april 1948.

A. St.

J. O.